



Skjøtselsplan for Geilen slåttemark,  
Rambjøra, Aspøya i Tingvoll kommune, Møre  
og Romsdal fylke

Oppfølging av tradisjonell slåttemark som utvald naturtype

Bioreg AS Rapport 2019 : 20

<b>TITTEL:</b> Skjøtselsplan for Geilen slåttemark, Rambjøra, Aspøya i Tingvoll kommune, Møre og Romsdal fylke
<b>FORFATTARAR:</b> Oldervik, F & Svingen, K.

<b>DATO:</b> 30.11.2019	<b>RAPPORT NR./</b> Bioreg AS rapport 2019 : 20	<b>PROSJEKTNR:</b>	<b>SAKSNR.</b>
<b>ISBN:</b> ISBN-nr. 978-82-8215-406-2	<b>ISSN:</b>	<b>ANTALL SIDER:</b> 30	<b>ANTALL VEDLEGG:</b> 5

<b>OPPDRAGSGJEVAR:</b> Fylkesmannen i Møre og Romsdal	<b>KONTAKTPERSON:</b> Hege Steigedal
--	---

<p><b>SAMANDRAG:</b> Naturtypen artsrik slåttemark er sterkt truga ifølgje Norsk raudliste for naturtypar, og vart i 2011 definert som utvald naturtype (UN) med vern gjennom lov om naturmangfald. På oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal fekk Bioreg AS, i 2018 i oppgåve å lage ei lokalitetsskildring for Geilen slåttemark, Rambjøra på Aspøya, saman med tilhøyrande skjøtselsplan. Lokaliteten har ikkje vore kartlagt tidlegare og har ikkje hatt skjøtselsplan. Skjøtselsplanen er utarbeidd i samarbeid med eigar og brukar, Tormod Meisingset.</p>
--

<b>FYLKE:</b>	Møre og Romsdal
<b>KOMMUNE:</b>	Tingvoll
<b>STED/LOKALITET:</b>	Geilen, Rambjøra på Aspøya
<b>GÅRD/BRUK</b>	Gnr/bnr 145/4 i Tingvoll

<b>GODKJENT</b>	<b>SKJØTSELSPLANEN ER UTFORMA AV:</b> Finn Oldervik og Kamilla Svingen
_____ <b>NAMN</b>	_____ <b>NAMN</b>

Figur 1. Biletet på framsida er frå lengst aust i Øver-Geilen. Som ein ser så står skogen tett på alle kantar. Biletet viser også at ryllik er ein av mengdeartane her. Foto: Tormod Meisingset © 22.06.2019.

## Forord

Kartlegginga og skildringa av slåttemarka, Geilen under Rambjøra (Gnr 145/4) i Tingvoll inkludert skjøtselsplanen er utført av Bioreg AS, på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skjøtselsplanen gjev fagleg funderte tilrådingar for restaurering og skjøtsel av den truga naturtypen slåttemark, og er i samsvar med handlingsplanen for utvald naturtype slåttemark. Planen er gunna på ei naturfagleg undersøking og intervju med eigar, Tormod Meisingset som utfører skjøtselen.

Rapporten er delt inn i to hovuddeler. Første del gir ei kort skildring av slåttemark på Vestlandet, og er skriva av NIBIO. Andre del er retta mot den som skal utføre skjøtsel, samt forvaltninga, og handlar om naturgrunnlaget og dagens drift innan lokaliteten. Her er også ei skildring av konkrete restaurerings- og skjøtselstiltak innanfor lokaliteten, og denne delen er utarbeidd av Bioreg AS.

Som vedlegg finnes ei skildring av dei verdfulle naturtypane som inngår i drifta. Den genererer i hovudsak informasjon retta inn mot forvaltning, inkludert søkbare eigenskapar for området i Miljødirektoratet sin naturbase. Det er også lagt ved fullstendige artslistar, samt ei noko omarbeidd sjekklister for revidering av slåttemark. Denne vart gjennomgått med den som var ansvarleg for skjøtselen slik den vart utført på tidspunktet for den naturfaglege undersøkinga i 2019.

Bioreg AS vil gjerne takke brukar og eigar, Tormod Meisingset for velvilje, godt samarbeid og god mottaking i samband med feltarbeidet sommaren 2019. Tormod vert også takka for dei mange bileta han har tatt av lokaliteten og av ulike artar som førekjem der. Også Fylkesmannen i Møre og Romsdal ved Hege Steigedal vert takka for velvilje, godt samarbeid og eit spanande oppdrag.

---

Finn Gunnar Oldervik

Mjosundet i Aure 14.02.2020

---

Kamilla Svingen

Oslo 14.02.2020

# Innhold

1 Slåttemark på Vestlandet .....	5
2 Skjøtselsplan for Geilen slåttemark, Rambjøra under Skjevlingen, Aspøya i Tingvoll kommune, Møre og Romsdal fylke .....	8
2.1 Innleiing .....	8
2.2 Omsyn og prioriteringar .....	9
2.3 Tradisjonell og noverande drift .....	10
2.4 Aktuelle erfaringar med skjøtselen .....	11
2.5 Mål for verdifull slåttemark .....	12
2.6 Restaureringstiltak (eingongstiltak eller tiltak som vert gjennomført over ein avgrensa periode) .....	13
2.7 Skjøtselstiltak (tiltak som vert gjentatt årleg) .....	13
2.7.1 Slått .....	13
2.7.2 Beiting .....	14
2.7.3 Andre aktuelle skjøtselstiltak .....	14
2.8 Oppfølging av skjøtselsplanen .....	14
3 Bilete frå lokaliteten .....	15
4 Kjelder .....	17
4.1 Skriftlege .....	17
4.2 Munnlege .....	17
5 Vedlegg 1 Lokalitetskildring for Naturbase .....	18
Geilen .....	18
6 Vedlegg 2 Artslistar .....	20
Geilen .....	20
7 Vedlegg 3. Intervju med eigar, Tormod Meisingset, som står som eigar og skjøtsels-ansvarleg for Geilen under Rambjøra i Tingvoll Kommune .....	22
8 Vedlegg 4 Tiltakslogg, grunneigar sine notat .....	25
9 Vedlegg 5 Overvaking, logg .....	28

# 1 Slåttemark på Vestlandet

Tradisjonelle slåttemarker er naturenger i inn- og utmark med ville planteartar, som er slått for å skaffe vinterfôr til husdyra. Slåttemarkene vart gjerne slått seint i sesongen, etter bløming og frøsetjing av dei fleste plantene. Dei er ofte overflatelydda for stein, men har i mindre grad vore oppdyrka og tilsådde i seinare tid, og er ikkje eller i liten grad gjødsla. Slåttemarkene har tradisjonelt vore haustbeita, og på Vestlandet som regel også vårbeita. Korleis slåttemarkene har vore drivne varierer likevel frå stad til stad.

I slåttemarkene er planteartane jamnare fordelte enn i beitemarkene, og slåttemarkene er oftast også meir urterike (blomerike), og vert gjerne omtala som «blomeenger». Dei har også ofte eit stort mangfald av insekt knytt til seg.



Figur 2. Turrenger i indre fjordstrok på grunnlendt mark kan ha arter som ryllik, fagerknoppurt, raudknapp, dunhavre, gulmaure, engtjørblom, dunkjempe, gjeldkarve og raudkløver. Alle foto: Leif Hauge.



Figur 3. Vanleg førekomande artar som inngår i fleire slåttemarkstypar på Vestlandet er prestekrage (indre strøk), blåklokke, skogstorkenebb, fuglevikke, grasstjerneblom, firkantperikum og småengkall. Alle foto: Leif Hauge.

Det er stor variasjon i floraen i slåttemarkene på Vestlandet, frå nord til sør, frå låglandet til fjellet og ikkje minst frå kysten og til dei inste fjordstrøka. Slåttemarkene i dei indre strøka har mange artar til felles med slåttemarkene på Austlandet og i Midt-Noreg. Døme på slike artar er fagerknoppurt, raudknapp, prestekrage, engtjørebloom og engnellik. Desse artane vert sjeldnare utover mot kysten. I kystengene kan ein i staden finne artar som tusenfryd, kystmaure, jordnøtt, englodnegras, kystgrisyre og kusymre (særleg i skogkanten).

Planteartar som er vanlege i slåttemarkene på Vestlandet er mellom anna ryllik, blåklokke, raudkløver, smalkjempe, engsyre og grasartar slike som gulaks, engkvein og raudsvingel. Artsinnhaldet varierer likevel mykje med fukttilhøva. I fuktige enger kan ein finne hanekam, blåtopp og (der det er ganske næringsrikt) engkarse, medan det i dei turre engene i indre stroka kan vekse gulmaure, hårsveve, tiriltunge, gjeldkarve og lækjeveronika.

Slåttemarker som er litt kalkhaldige er dei mest artsrike. Der kan ein finne marinøkkel-artar og orkidéar, slike som brudespore, vårmarihand og nattfiol samt grasartar som hjartegras og dunhavre.

Når slåttemarkene vert liggjande brakke vert dei invaderte av artar som bringebær, geitrams, mjøduert og etter kvart også busker og tre som bjørk, gråor, selje og ask (VU). Samtidig med at areala gror att vil dei lyselskande engartane forsvinne. Dei tradisjonelle slåttemarkene har vorte svært sjeldne og slåttemark vert no rekna som ein truga naturtype. Mange av dei artane som høyrer heime her har også gått sterkt attende og fleire er truga ([www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no)).



Figur 4. Slåttemarkene på kysten kan ha ganske så ulike utformingar avhengig av råme og næringsinnhald i grunnen. Nokre artar som kan vekse i slike slåttemarker er jordnøtt, tusenfryd, kystblåstjerne, blåtopp, englodnegras, hanekam, raud jonsokblom og kusymre. Alle foto: Leif Hauge.

For å hindre at dei verdifulle slåttemarkene, som enno finst, gror att eller forsvinn på anna vis, vart slåttemark i 2011 ein utvald naturtype som får oppfølging gjennom ein eigen handlingsplan ([www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no)). I dette arbeidet er det viktig at slåttemarkene vert drivne på tradisjonelt vis i høve til dei lokale tradisjonane og tilhøva. Ein må nytte lette maskiner eller reiskap, og høyet må fjernast etter slått. Dei fleste slåttemarkene har tidlegare vorte beita vår- og/eller haust. Det er viktig at dette også blir vidareført. Elles kan det vere aktuelt å slå to gonger årleg, ein gong tidleg i sesongen (siste del av mai-første del av juni) og ein gong etter at bløminga er over, gjerne i august.

Mange gamle slåttemarker vert i dag nytta til beite eller gror att. «Tradisjonelle» slåttemarker har såleis etterkvart vortne svært sjeldne og det er spesielt viktig at ein held attverande slåttemarker i hevd. Generelle restaurerings- og skjøtselstiltak er omtala i rettleingsheftet, og konkrete råd for skjøtsel av din lokalitet vert omskrive i denne skjøtelsplanen. Nærare omtale av ulike planteartar frå engene finst i «Bondens kulturmarksflora for Vestlandet» (Bele, Norderhaug, Auestad & Kvamme 2018). Mykje av denne teksten om slåttemark på Vestlandet er henta frå denne kulturmarksfloraen.

## 2 Skjøtselsplan for Geilen slåttemark, Rambjøra under Skjevlingen, Aspøya i Tingvoll kommune, Møre og Romsdal fylke

<b>GRUNNEIGAR:</b> Tormod Meisingset	<b>ANSVAR SKJØTSEL:</b> Grunneigaren	<b>LOKALITETSVERDI I NATURBASE<sup>1</sup>:</b> Viktig – B	<b>NATURBASE-ID:</b> Ny	
<b>DATO UTARBEIDING AV 1.SKJØTSELSPLAN: 26.11.2019</b>		<b>DATO SYNFARING (1.SKJ.PL.): 14.07.2019</b>		
<b>DATO REVIDERING:</b>		<b>DATO SYNFARING (REVIDERING):</b>		
<b>KONTAKT MED GRUNNEIER/BRUKER:</b> 14.07.2019 – Samtalar med grunneigar ved synfaring, mange E-postutvekslingar seinare.				
<b>1.SKJØTSELSPLAN UTFORMA AV:</b> Finn Oldervik og Kamilla Svingen, begge Bioreg AS. <b>REVIDERT UTGAVE UTFORMET AV:</b>				
<b>UTM SONE LOKALITET:</b> 33	<b>LOKALITETSNAVN:</b> Geilen	<b>NORD:</b> 6299502	<b>ØST:</b> 790091	<b>GNR./BNR.</b> 145/4
<b>AREAL 1. SKJØTSELSPLAN:</b> 5,5 daa		<b>AREAL REVIDERING:</b>		
<b>DEL AV VERNEOMRÅDE:</b> Nei <b>HVILKET VERN:</b> -		<b>DEL AV UTVALGT KULTURLANDSKAP:</b> Nei <b>HVILKET LANDSKAP:</b> -		

### 2.1 Innleiing

Geilen (Øvre og Nedre) er ein gamal husmannsplass som ligg litt opp og aust for Rambjøra, heilt i sørvest på Aspøya. Husmannsplassen er ikkje i bruk lenger og det er svært usikkert når det budde folk der sist. Men den aktuelle lokaliteten har nok vore bruka av eigarane av Rambjøra der sistnemnde i dag må kallast eit småbruk. Det er også eigaren av det nemnde småbruket som skjøttar lokaliteten i dag.

Området ligg ifølge Moen (1998) i sørboreal vegetasjonssone (SB), og i klårt oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Berggrunnen er relativt fattig og består av gneis, (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane består i hovudsak av tjukke morenemassar, men lengst i vest er det eit mindre område med relativt tynt dekke av torv/humus (ngu.no/kart/losmasser).

Lokaliteten ligg som nemnd ganske nær sjøen (Skjelvågen) ikkje langt frå brua mellom Aspøya og Bergsøya. Geilen er samansett av opphavleg to lokalitetar, nemleg Øvre og Nedre Geilen,

<sup>1</sup> Verdisettinga er definert etter DN Håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), og faktaark for slåttemark, utforma av Ellen Svalheim (Svalheim 2014).



som heng i saman. Samla sett kan ein karakterisera lokaliteten som lang og smal. Lokaliteten bær litt preg av tidlegare gjødsling der det noko oppgjødsla preget delvis kan koma av manglande skjøtsel i fleire år. Typisk for slike lokalitetar er at artsmangfaldet er størst i kantsonene, men det vart ikkje registrert særskild stort artsmangfald nokon stad innan lokaliteten.



Figur 5: Kartet viser slåttemarklokaliteten på Geilen. Kartet er utarbeidet i Q-GIS med kartgrunnlag © Kartverket og Norge Digitalt.

## 2.2 Omsyn og prioriteringar

Slåttemarka har ikkje vore kartlagd som naturtype tidlegare før den altså vart kartlagd ved midten av juli 2019.

Skjøtselen i Geilen verkar ikkje å vera optimal, og det har den nok ikkje vore heller i seinare tid. Lokaliteten verkar noko oppgjødsla, noko som truleg kjem av eit feitt jordsmonn kombinert med manglande/feil skjøtsel over lang tid. Ordinær gjødsling derimot har det ikkje vore på svært mange år i følgje brukar, Tormod Meisingset. Det er difor viktig å koma inn i eit meir positivt spor, og ein tenkjer då mest på den noko uheldige skjøtselen ved å beita det meste av sommaren. Å beita heile sesongen er negativt for artsmangfaldet, då plantane ikkje får høve til å frø seg slik dei skal. Vår- og haustbeite derimot er berre positivt med tanke på å fjerna mest mogleg av næringa frå lokaliteten og som saman med slått er naudsynt for å ta vare på artsmangfaldet som er her. Vårbeiting er sjølvstakt ikkje naudsynt, og er det mange orkidear her kan nok sauene vera lei til å leita seg fram til desse for så å bita av blomsterstanden.

Som nemnd er det viktig at slått er utført såpass seint på sommaren at plantane får høve til å setja frø. Vidare er det viktig at graset får bakketurka i minst to dagar og i løpet av denne tida bør det vendast ein gong eller to for å sikre at mogne frø får spreidd seg. Om det skal nyttast til fôr kan det sjølvstakt også hesjast. Når høyet er tørt må det rakast saman og fjernast. Det er viktig at også kantsonene skjøttast godt med slått og rydding av lauvoppslag. Rydding og vedlikehald av kantsoner er ein kontinuerleg prosess som er viktig for å halde engene opne med god solinnstråling. Av omsyn til vegetasjon og artsmangfald må enga verken gjødslast, pløyast, sprøytast eller pussast med beitepussar. Litt grøfting kan av og til vera naudsynt, men bør avgrensast til eit minimum.

I følgje grunneigar har storfrytle vore ei problemart her, og mykje verre tidlegare enn no. Det kan vera at tett kantvegetasjon fremjar tilhøva for denne arten då den synest å trivast best i

skugge. Eigaren ser ut til å ha funne eit godt verkemiddel for å verta kvitt storfrytla og rådet har vore å koka opp sterk saltlake som vert tømmt ned langs rota på kvar einskild eksemplar av frytla. Dette hadde god verknad og i dag er arten mykje mindre utbreidd enn den var før denne behandlinga. Viktig i denne samanhengen er å understreka at tilførselen av saltvatn må avgrensast så mykje som råd, slik at ikkje andre artar også byrjar å døy. Det er nok likevel ein fare for at den kjem igjen om ikkje kantsonene opnast opp slik at meir sollys når inn på lokaliteten.

Førekomstane av einstape vil truleg gå attende med årleg slått. Viss det er mykje av arten, kan ein slå arealet to gongar. Einstape spreier seg med underjordsrenningar, men spaknar om han blir slått så snart han har vokse opp og får breia ut dei store blada. Om ein slår einstape på denne tida vil planta etter kvart verte utarma sidan den ikkje får gjennomført fotosyntesen.

Skogburkne kan ein bli kvitt ved å ta ein spiss spade og skjære av tua litt under bakkenivå. Då kjem ein seg truleg under eit vekstpunkt. Mange tuver døyr, og resten blir så spake at ein tar stilkane som kjem opp i slått. Noko liknande kan ein gjera for å verta kvitt myrtistel, som av og til kan vera ei problemart i våte slåttemarkar.

Mosen vil truleg minske med vidare slåtteskjøtsel, og eventuelt litt raking. Om det er trong for ytterlegare tiltak er det også nokre forsøk som tyder på at gjødsling med litt husdyrgjødsel kan vere ein måte å bli kvitt tjuke mosematter.

For lokaliteten vil ein tilrå etterbeite på hausten om det er mogleg å få til. Etterbeite hjelper til med å halde vegetasjonen nede. Mange stadar er det tradisjon også med vårbeiting, men vårbeiting er mindre viktig enn haustbeiting.

Sein slått er også ein fordel med tanke på insektfaunaen. Slåtteenger som dette er verdifulle habitat for insekt – ikkje minst dei nektarsamlende artane. For insekt er det ein stor fordel om også plantar i vegkantar og andre artsrike område utanfor slåttemarka får ein sjanse til å sette frø før dei vert slått. I tillegg er det tilrådeleg å variere slåttetidspunktet frå år til år. Då får ein tatt vare på seint blomstrande artar og insekt får tilgang til nektar og pollen ut sesongen.

Artar som er knytt til tradisjonell skjøtsel er avhengig av sein slått. Når eit område vert slått eller beita, fjernast vegetasjon slik at konkurransesvake planter som høyrer til slåttemarka klarer seg betre. Også for eventuelle førekomstar av beitemarksopp er dette gunstig. Ved skjøtsel er det likevel viktig å ikkje slå for kort. Ein del slåtte- og beitetilpassa planteartar er lågtveksande, eller har, som flekkgrisøre og andre, rosettar heilt nede ved basis av planta. Desse plantedelane bør skånast ved å slå gras ved passeleg høgde, om lag 5 cm over bakken. Denne høgda er også passe for å ta vare på artsmangfaldet av insekt som lever i enga, eller i plantedelar nær bakken. Andre tiltak for å ta vare på insekt er å gje plantene i vegkantar og andre artsrike område utanfor slåttemarka høve til å sette frø før dei vert slått. Einskilde stadar i kulturlandskapet, som i kantsoner rundt enger, kan haugar med kvist bidra til verdifulle gøymestadar for insekt og dyr. Haugane bør plasserast slik at dei ikkje gjødslar enga når dei rotnar. I tillegg er det tilrådeleg å variere slåttetidspunktet frå år til år. Da får ein tatt vare på seint blomstrande artar, og insekt får tilgang til nektar og pollen ut sesongen (Elven & Bjureke 2018). For å legge til rette for insekt som lagar reir i sandjord, er det en fordel å bevare eller opne eksponert sandjord (Elven & Bjureke 2018).

For artsmangfaldet av konkurransesvake karplanter som trivs i slåtteenga, samt for insekt og ulike beitemarksopp, er det viktig at avlinga så godt som mogleg vert fjerna frå enga. Det er også viktig at det ikkje vert pløygd, sprøyt, vert brukt kunstgjødsel eller beitepussar.

## 2.3 Tradisjonell og noverande drift

Geilen, både øvre og nedre høyrde i sin tid til ein husmannsplass som ein framleis kan sjå restar etter i form av husmurar, men som truleg vart fråflytta ein gong i tidsromet 1915 – 1925. Plassen er nemnd med nokre få liner i Bind III av Gards- og ættesoge for Straumsnes (Roaldset 1999). Noverande eigar kan fortelja at gammalonkelen, Ole som var født i 1906, så vidt kunne minnst at det budde folk på plassen i Geilen. Bygdeboka nemner at både hus og fjøs var ganske store på

denne plassen, og at dei også hadde ein liten inngjerda kirsebærhage. Etter at folket her flytta - eventuelt døydde frå plassen, vart den kjøpt og lagt til jorda i Rambjøra. Også Rambjøra var i sin tid ein husmannsplass, og då med Skjevlingen som «morgard».

Geilen har hatt ein noko oppstykkka skjøtsel dei siste 50 åra (og kanskje lenger). Marka har truleg vore fulldyrka i sin tid, og kanskje har det vore åker her ein gong, men det må vera lenge sidan då det ikkje er spor av åkerreiner her ifølgje brukar/eigar. Om skjøtselen i seinare år fortel same person, Tormod Meisingset m.a. at i dei åra han har hatt ansvaret for skjøtselen her (15 år), så har ikkje Geilen blitt slått kvart år, men at lokaliteten eit og anna året har fått vera urørt. Han presiserer likevel at han aldri har slått graset og late det ligge vinteren over. Vidare fortel han at dei siste 6-7 åra har nabobonden fått beita arealet med sau, men at han har presisert overfor naboen at føresetnaden er at ei eventuell skjøtelsplan skal følgjast.

## 2.4 Aktuelle erfaringar med skjøtselen

Sidan dette er første skjøtelsplanen lokaliteten har, så har ein lite å samanlikna med her. Det som kan seiast er at arts mangfaldet er størst langs kantane, noko som er vanleg på gammaleng mange stadar. Her har det vore minst gjødsla og oftast er jorda minst forstyrta her. Jordsmonnet er ofte tynnare også i utkantane med kort veg ned til berget. Ofte er slike stadar også mest gunstig for førekomst av ulike beitemarksopp.

Det vart registrert om lag 50 planteartar i slåttemarka ved registreringane i 2019. Enga har eit artsinventar av artar som er typisk for området, og innehar ei blanding av indikatorartar for slåttemark, med innslag av artar som er typiske for naturtyper i skogen.

Det er gjort 16 registreringar av tyngdepunktarter<sup>2</sup> for semi-naturlig eng i lokaliteten; aurikkelsveve, blåklokke (mengdeart), brudespore, engfiol, gjeldkarve, gulaks, harerug, jordnøtt, lækjeveronika, nattfiol, prestekrage, raudknapp, skogmarihand, tepperot, tiriltunge. Fullstendig oversikt over registrerte artar frå undersøkinga i 2019 er å finne i vedlegg 2.

Brukaren har sjølv sett at storfrytle var i ferd med å dominere mykje av lokaliteten, men synest å ha fått bukt med dette problemet no. Elles kan det sjå ut som gode artar som nattfiol og skogmarihand har vore i framgang i følgje brukaren.

---

<sup>2</sup> Lista over tyngdepunktarter/naturengartar er utarbeidd av NIBIO, og vert nytta for å verdisetje lokalitetar av slåttemark. Lista viser til planter som er knytt til kulturbetinga naturtyper.



Figur 6: Her ser ein Øver-Geilen mot vest. Også her står skogen tett rundt lokaliteten, noko som skapar mykje skugge. Dette gjev tilhøve som får artar som m.a. storfrytle til å trivast. Både i øvre og nedre Geilen ventar det mykje arbeid med å tynna skogen rundt kantane. Foto: Tormod Meisingset © 13.06.2019

## 2.5 Mål for verdifull slåttemark

### HOVUDMÅL FOR LOKALITETEN:

- Bevare det verdifulle biologiske mangfaldet knytt til slåttemark.
- Bidra til å oppretthalde landskapsbiletet.
- Halda størst mogleg areal oppe ved slått og krattfjerning.
- Det er også eit mål at slåttemarka skal behalde den typiske slåttemarkstrukturen den har no, og forbetra den der det er mogleg.
- Slåttemarka skal ikkje gjødslast, sprøytast, pløyast eller pussast med beitepussar.

### EVENTUELLE SPESIFIKKE MÅL FOR DELOMRÅDER:

- Kantsonene må haldast opne ved slått og rydding, og kratt og buskas må haldast nede.
- Tynna skogen ganske kraftig rundt kantane, slik at meir sollys slepp til inne på enga.

### TILSTANDSMÅL FOR EINSKILDE ARTER:

- Artsmangfaldet knytt til kulturmark skal oppretthaldast på lokaliteten jf. artsliste i vedlegg 2.
- Populasjonar av artene i lista over tyngdepunktarter for seminaturleg eng skal oppretthaldast eller helst aukast.

## 2.6 Restaureringstiltak (eingongstiltak eller tiltak som vert gjennomført over ein avgrensa periode)

RESTAURERINGSTILTAK (KORT SKILDRING, REISKAPSBRUK M.M.)	PRIORITERING (ÅR)	AREAL/ (DEL)OMRÅDE	TIDSRUM (MND/UKE)
Det er positivt for enga om skogen langs kantane vert kraftig tynna, da dette vil gi betre lystilgang i enga.	2019/2020 og påfølgjande år til ein har fått tynna skogen rundt heile lokaliteten		Vinter/ vår
Det er ein del mose nokre stadar i enga. Mosen kan fortrenge engplantar om det blir store mengder av den. Den kan fjernast forsiktig med ei rive. Kan gjerne berre fjerne mosen i dei områda der den er tjukkast.	2019/2020		

## 2.7 Skjøtselstiltak (tiltak som vert gjentatt årleg)

### 2.7.1 Slått

SLÅTTETILTAK (KORT SKILDRING, REISKAPSBRUK M.M.)	PRIORITERING (ÅR)	AREAL/ (DEL)OMRÅDE	TIDSRUM (MND/UKE)
Slått på heile lokaliteten med tohjuls slåmaskin, ryddesag og eventuelt ljå der det er vanskeleg å koma til med slåmaskina.	Årleg	Heile lokaliteten	20. juli- 1. sept.
Raking, vending og bortkøyring av høy etter minst to dagars tørking.	Årleg	Heile lokaliteten	20. juli-1. sept.

#### Generelt gjeld for skjøtselsslått (for forklaring sjå vegleingshefte):

- Slåtten bør gjerast etter at dei fleste artane har bløma og sett frø (som regel ikkje før i siste halvdel av juli). Slåttetidspunktet vil variere frå år til år ut frå variasjonar i været og vekstsesongen. Følg difor med på blomstring og frøsetting!
- Graset skal bakketørkast 2-3 dagar før det vert fjerna frå lokaliteten.
- Lokaliteten kan slåast med liten, lett traktor med slåmaskin, tohjuls slåmaskin eller ljå. Denne lokaliteten er relativt flat, så det er ikkje noko problem å nytta maskinelt utstyr her. Sigd eller kantklippar med senn kan også nyttast på mindre areal der det er vanskeleg å koma til med maskiner.
- Bruk av tunge maskiner må unngåast, spesielt i dei fuktige partia, som kan medføra komprimering av jorda og køyreskadar, samt skadar på gamle steinsette grøfter.
- Unngå bruk av kunstgjødsel, gylle eller store mengder blaut husdyrgjødsel (sjå vegleiar).
- Om beiting ikkje er aktuelt kan det, om veksten er god utover hausten vurderast om det er behov for etterslått, slik at eventuell ettervekst vert fjerna i løpet av hausten.

## 2.7.2 Beiting

BEITETILTAK (KORT SKILDING, REISKAPSBRUK M.M.)	PRIORITERING (ÅR)	(DEL)OMRÅDE	TIDSRUM (MND/UKE)
Både vår- og haustbeiting kan vera aktuelt på denne lokaliteten, men det er likevel haustbeitinga som er mest naudsynt.			

Generelt gjeld for beiting i slåttemark (for forklaring sjå vegleiingshefte):

- Beiting er positivt for slåttemarka, og har vore tradisjon dei fleste stadar.
- Haustbeiting hindrar opphoping av daudgras (som gjev grøngjødsling) og lettar spiringa neste vår.
- Beiting gjev tråkkspor som frøplantar kan spire i.
- Om arealet vert vårbeita, vert slåttan seinare (da blomstring/frøsetting kjem seinare i gang)
- Unngå tilleggsfôring inne på slåttemarka.
- Set alltid dyrevelferda og fôrtilgangen i høgsetet.
- Tunge storferasar bør ikkje beite slåttemark pga. fare for trakksskadar.
- Slåttemark med rik vårblostring (f.eks. med tidlegblømande orkidear og marinøklar) bør ikkje vårbeitast.
- Beit gjerne nærliggjande skog, hagemark eller naturbeiter i samanheng med slåttemarka. Det vil gje utveksling av frø og genar mellom ulike areal.
- Tilsådde, fulldyrka kulturenger bør om mogleg ikkje beitast saman med slåttemarka. Dette for å hindre spreiding av uønskte, framande arter inn i slåttemarka.

## 2.7.3 Andre aktuelle skjøtselstiltak

TILTAK (KORT SKILDING, REISKAPSBRUK M.M.)	PRIORITERING (ÅR)	AREAL/ (DEL)OMRÅDE	TIDSRUM (MND/UKE)
Ryddast kantsonene for konglar og kvist	Årleg	Heile lokaliteten	Vår
Om storfrytle framleis vil vera ein problemart, kan det truleg vera lurt å gjenta handsaminga med metta saltlake ved rota.	Om naudsynt	Alle stadar med storfrytle	Ved behov

## 2.8 Oppfølging av skjøtelsplanen

NESTE REVIDERING/EVALUERES ÅR: 2025
BEHOV FOR YTTERLEGARE REGISTRERING AV SPESIFIKKE NATURTYPAR OG/ELLER ARTSGRUPPER:
GJENNOMFØRTE ELLER PÅBYRJA TILTAK SOM ER FINANSIERT DEI SISTE 5 ÅRA:
PERSONAR SOM HAR ANSVAR FOR Å GJENNOMFØRE TILTAKA I SKJØTSELPLANEN: Tormod Meisingset.

### 3 Bilete frå lokaliteten



**Figur 7.** Førekost av orkidear som brudespore og skogmarihand er eit godt signal om at jordsmonnet her er noko baserikt. Foto: Tormod Meisingset © 04.07.2019.



**Figur 8:** Stadvis veks det mykje nattfiol i Geilen. Her står den såpass tett at ein kan kalla grov nattfiol for ein mengdeart. Foto: Tormod Meisingset © 17.06.2019.



**Figur 9:** Her ser ein husmurane etter husmannsplassen i Geilen. Murane ligg i nordkanten av Øvergeilen. Foto: Tormod Meisingset © 27.08.2019.



## 4 Kjelder

### 4.1 Skriftlege

Bryn, A. & Ullerud, H.A 2018. Feltveileder for kartlegging av terrestrisk naturvariasjon etter NiN (2.2.0) – tilpasset målestokk 1:5000 og 1:20 000, utgave 1, kartleggingsveileder nr 2. Artsdatabanken, Trondheim.

Elven, H. & Bjureke, K. 2018. Pollinatorvennlig skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark. Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo. Rapport nr. 77, 80 s.

Kulturhistorisk museum, Oldsaksamlingen. Hentet fra <http://www.unimus.no/arkeologi/#/detailsView?search=C21474> 13.03.2019

Miljødirektoratet (2015) *Veileder for kartlegging, verdisetting og forvaltning av naturtyper på land og i ferskvann. Utkast til faktaark 2015 – Kulturmark*. Versjon 7. august 2015

Moen, A. (1998). *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss.

ngu.no/kart/berggrunn, <https://geo.ngu.no/kart/berggrunn/> Norges geologiske undersøkelse, berggrunnskart N250 med lineamenter, hentet 31.11.19

ngu.no/kart/losmasser, <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/> Norges geologiske undersøkelse, løsmassekart med symboler, Longva; O.1997; Manus; kv.geol.kart Strøm 2015-3; NGU hentet 31.11.19

Roaldset, O. 1999. Gards og ættesoge for Straumsnes. Bind III. Utgjeven av Tingvoll sogelag.

### 4.2 Munnlege

Tormod Bastian Bugge Smenes Meisingset, Aspøyvegen 1241, 6670 Øydegard. Tlf. 976 00 257. E-post; [fmmrtome@fylkesmannen.no](mailto:fmmrtome@fylkesmannen.no)

## 5 Vedlegg 1 Lokalitetskildring for Naturbase

### Geilen

EU89 UTM-sone 33: N 6299502 A 790091

**Areal:** 5,5 daa

**Verdi:** Viktig – B

**Naturtype:** Slåttemark 100 %.

**Utforming:** Intermediær eng med klart hevdpreg (T32-C-4),

**Feltsjekk siste:** 14.07.19 av Finn Oldervik, Bioreg AS, saman med brukar og eigar Tormod Meisingset.

**Avgrensingspresisjon:** < 5 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

**INNLEIING:** Lokalitetsomtalen er utforma av Finn Oldervik i samarbeid med Kamilla Svingen, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 14.07.2019. Føremålet med prosjektet var ny-kartlegging av naturtypar i Møre og Romsdal, og var på oppdrag for Fylkesmannen i same fylket. Dette er eit restoppdrag frå 2018. Lokalitetsomtalen er utarbeidd i tråd med nyaste versjon av faktaark for slåttemark, oppdatert i 2018 (Svalheim 2014), og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen og Hilmo 2015), og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018 (Artsdatabanken 2018). Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 5 meter. Artsregistreringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjoner.no.

**PLASSERING OG NATURGRUNNLAG:** Lokaliteten ligg rett nord for busetnaden på Rambjøra, litt aust for der brua over til Bergsøya går. Rambjøra og Geilen er utlagd frå matrikelgarden, Skjevlingen i Tingvoll (gnr. 145/4), som ligg på det sørvestlege hjørnet av Aspøya. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). På bergrunnskart over området i skala 1:250 000 er området registrert som eit reint gneisområde ([ngu.no/kart/berggrunn](http://ngu.no/kart/berggrunn)). Lausmassane er oppgjevne til å vera tjukke morenemassar i det meste av området. Berre i vest er det oppgeve å vera eit tynt humus-torvdekke ([ngu.no/kart/-losmasser](http://ngu.no/kart/-losmasser)).

**NATURTYPER, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPER:** Etter siste versjon av faktaark for slåttemark i DN Handbok 13 (Svalheim 2014), er lokaliteten mest å rekne som slåtteeeng med NiN-utforminga intermediær eng med klart hevdpreg (T32-C-20). Det er relativt fuktig nokre stadar – truleg pga. at nokre av dei gamle steingrøftene har kollapsa. I tilknytning til desse områda ligg nokre areal som kan karakteriserast som intermediær fukteng med klart hevdpreg eller svakt preg av gjødsling (T32-C-10). Naturtypen slåttemark er ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova, og er vurdert som kritisk truga (CR) på norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

**ARTSMANGFALD:** Sidan det hadde gått sauer og beita på mykje av lokaliteten føre kartlegginga i 2019, var det truleg ein del artar ein ikkje fekk med seg. Ein trur likevel artslista (Vedlegg 2) har fått med dei fleste av artane som veks her – dette fordi kantsonene var gjerda frå slik at sauene ikkje fekk tilgang. Det vart totalt registrert omkring 55 planteartar i slåttemarka. Av desse er det 16 registreringar av tyngdepunktarter/naturengplantar for semi-naturlig eng; Aurikkelsvæve, bakkefrytle, blåklokke (mengdeart), brudespore, engfiol, gulaks, harerug, jonsokkoll, jordnøtt, lækjeveronika, grov nattfiol, raudknapp, skogmarihand, tepperot, tiriltunge og vårskrinneblom.

**BRUK, TILSTAND OG PÅVIRKNING:** Lokaliteten har tradisjonelt vore skjøtta som slåttemark, men er også brukt som beiteområde, mest for sau. Sidan det knapt er teikn til gjengroing i form av lauvtrerenningar her, så tyder det på at lokaliteten har hatt ein meir eller mindre kontinuerleg skjøtsel. Dei seinare åra har kanskje ikkje skjøtselen vore heilt optimal alle åra, då beitinga - i det minste sporadisk

- har vart heile sesongen. Planen til brukaren i åra framover er å få slått kvart år, gjerne noko seint, samt få haustbeita og då truleg med sau. Også beiting med andre dyreslag som ungrøtter av storfe er vurdert, men då brukaren må leige beitedyr, er det grenser for kva som er mogleg å få til. Noverande grunneigarar er usikker på korleis gjødslingshistoria for lokaliteten er, men truleg har det vore bruka litt naturgjødsel her for mange tiår sidan. Men frå Rambjøra vart teke over av faren i byrjinga av 1990-talet har det i alle fall ikkje vore gjødsla her oppe, verken med naturgjødsel eller kunstgjødsel.

**FRAMANDE ARTER:** Ingen registrerte framandarter, utanom nyseryllik og kanskje hundegras.

**SKJØTSEL OG OMSYN:** Rutinen med sein slått, bakketørking av graset minst eit par dagar og så fjerning av avling bør halda fram i den grad dette kan kallast rutine. Brukaren vurderer å slutta med vårbeiting, men haustbeitinga skal halda fram. Han har rydda litt i kantane – særleg i Nergeilen, men det trengs meir rydding, også i Øvergeilen, der særleg hasselkratt så smått, såg ut til å ha byrja spreia seg innover slåttemarka. Det bør tynnast ganske mykje i kantskogen på lokaliteten, då det vil gjera lokaliteten meir lysopen, noko som vil vera positivt, særleg for naturengplantane. Lauvtrerenningar og andre uønskt vegetasjon bør fjernast snarast før det vert eit problem. For artsmangfaldet av konkurransesvake karplanter som trivs i slåtteennga, samt for insekt og ulike sopparter, er det viktig at avlinga så godt som mogleg vert fjerna frå enga. Det er også viktig at det ikkje vert pløyd, sprøyta, vert brukt kunstgjødsel eller beitepussar.

**DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP:** Lokaliteten utgjer i dag eit relativt stort areal som er omkransa av skog på alle kantar. Som nemnd tidlegare så er lokaliteten i dag så å seia heilt fri for lauvtrerenningar og slik i god stand, men som nok vil grå fort igjen om skjøtselen opphøyrer over lengre tid. På Aspøya i Tingvoll er det så langt registrert svært få slåttemarkslokalitetar, men like nedanfor Geilen ligg Øvre Rambjøra med B-verdi. Slik vil skjøtsel av Geilen i tillegg bli eit godt supplement for å taka vare på kulturlandskap og artsmangfald på denne delen av Aspøya. Nærleiken mellom dei to lokalitetane fortel oss at det er eit potensial for spreiding av arter mellom lokalitetane.

**VERDIVURDERING:** Etter faktaark for slåttemark frå juli 2015, oppdatert i 2018, oppnår lokaliteten høg vekt på storleik, da den er over 1 daa. Den oppnår middels vekt på grunntypevariasjon (to grunntypar, intermediær frisk eng og intermediær våteng). Lokaliteten oppnår så vidt middels vekt på artsmangfald med 16 registrerte tyngdepunktarter/naturengartar for semi-naturlig eng (fattig type). Lokaliteten oppnår høg vekt på tilstand og påverknad ut frå at den for det meste er skjøtta som slåttemark på tradisjonelt vis og er i aktiv bruk. Lokaliteten får middels verdi på landskapsøkologi ut frå at den ligg under 1 km frå næraste slåttemark. Ut frå dette oppnår lokaliteten samla sett verdien; Viktig - B.

## 6 Vedlegg 2 Artslister

Under følger artsliste frå Geilen. Her ser ein kva for artar som vart registrert i 2019.

### Geilen

Tabell 1: Liste over artsregistreringar på Geilen. Tyngdepunktartar for semi-naturleg eng er markert med feit skrift, mengdeartar er markert med stjerne.

Registreringar i 2019 vart gjort av Finn Oldervik, Bioreg AS, saman med grunneigar Tormod Meisingset den 14. juli.

Norsk navn	Vitenskapelig navn	2013	2019
Augnetrøyst ssp.	<i>Euphrasia ssp</i>		
<b>Aurikkelsvæve</b>	<b><i>Hieracium lactucella</i></b>		x
<b>Bakkefrytle</b>	<b><i>Luzula multiflora ssp.</i></b>		x
Bakkesoleie	<i>Ranunculus acris</i>		x
Bleikstorr	<i>Carex pallescens</i>		x
Blåbær (rundt kantene)	<i>Vaccinium myrtillus</i>		x
<b>Blåklukke*</b>	<b><i>Campanula rotundifolia</i></b>		x
Blåknapp	<i>Succisa pratensis</i>		x
<b>Brudespore</b>	<b><i>Gymnadenia conopsea var. conopsea</i></b>		x
Bråtestorr	<i>Carex pilulifera</i>		x
<b>Engfiol</b>	<b><i>Viola canina</i></b>		x
Enghumleblom	<i>Geum rivale</i>		x
Engkvein	<i>Agrostis cappillaris</i>		x
Englodnegras (litt)	<i>Holcus lanatus</i>		x
Engrapp	<i>Poa pratensis coll.</i>		x
Engsvingel	<i>Schedonorus pratensis</i>		x
Engsyre	<i>Rumex acetosa ssp. acetosa</i>		x
Firkantperikum	<i>Hypericum maculatum</i>		x
Flekkmarihand	<i>Dactylorhiza maculata ssp. maculata</i>		x
Fuglevikke	<i>Vicia cracca</i>		x
Gjerdevikke	<i>Vicia sepium</i>		x
Grasstjerneblom	<i>Stellaria graminea</i>		x
<b>Gulaks</b>	<b><i>Anthoxanthum odoratum ssp.</i></b>		x
<b>Harerug</b>	<b><i>Bistorta vivipara</i></b>		x
Harestorr	<i>Carex leporina</i>		x
Hassel (En del rundt lokaliteten)	<i>Corylus avellana</i>		x
Hundegras (lite)	<i>Dactylis glomerata</i>		x
<b>Jonsokkoll</b>	<b><i>Ajuga pyramidalis</i></b>		x
<b>Jordnøtt</b>	<b><i>Conopodium majus</i></b>		x
Kvitkløver*	<i>Trifolium repens</i>		x
Lyssiv	<i>Juncus effusus</i>		x
<b>Lækjeveronika</b>	<b><i>Veronica officinalis</i></b>		x
Marimjelle, stor	<i>Melampyrum pratense</i>		x
Myrfiol	<i>Viola palustris</i>		x
<b>Nattfiol, grov</b> (Meir enn 60 eksemplar)	<b><i>Platanthera chlorantha</i></b>		x
Nyseryllik	<i>Achillea ptarmica</i>		x
Raudkløver	<i>Trifolium pratense</i>		x

<b>Raudknapp*</b> (Mykje)	<b><i>Knautia arvensis</i></b>		x
Revebjølle (I skogkanten ved ruinane)	<i>Digitalis purpurea</i>		x
Ryllik*	<i>Achillea millefolium</i>		x
<b>Skogmarihand</b>	<b><i>Dactylorhiza maculata ssp. fuchsii</i></b>		x
Skogstorkenebb	<i>Geranium sylvaticum</i>		x
Slåtestorr	<i>Carex nigra var. nigra</i>		x
<b>Smalkjempe*</b> (Ganske mykje)	<b><i>Plantago lanceolata</i></b>		x
Stankstorkenebb (I nordkanten ved ruiner)	<i>Geranium robertianum var robertianum</i>		x
Storfrytle* (Stadvis ganske mykje øvst)	<i>Luzula sylvatica</i>		x
Sølvbunke (Lite)	<i>Deschampsia cespitos ssp. cespitosa</i>		x
<b>Tepperot*</b>	<i>Potentilla erecta</i>		x
Timotei	<i>Phleum pratense ssp. pratense</i>		x
<b>Tiriltunge</b>	<i>Lotus corniculatus</i>		x
Tviskjeggveronika	<i>Veronica chamaedrys</i>		x
Vanleg arve	<i>Cerastium fontanum</i>		x
<b>Vårskrinneblom</b>	<b><i>Arabidopsis thaliana</i></b>		x
<b>Andre artsgrupper</b>			
Bjørnemose			x
Humblebiller			x
Levninger av våningshus, fjøs m.m.			

# 7 Vedlegg 3. Intervju med eigar, Tormod Meisingset, som står som eigar og skjøtselsansvarleg for Geilen under Rambjøra i Tingvoll Kommune

Naturfagleg undersøking: 14.07.2019

Den naturfaglege undersøkinga vart utført av Finn Oldervik med assistanse frå eigaren.

---

Skjøtselsplanen er utforma av: Finn Oldervik & Kamilla Svingen, Bioreg AS

---

1. Kva slags skjøtsel har lokaliteten hatt dei seinare åra, og kor lenge har du hatt ansvaret for skjøtselen?

*Svar: I min ansvarsperiode så har ikkje Geilen vorte slått kvart år, men eit og anna året har det stått urørt. Har aldri slått graset og latt det ligge over vinteren. Siste 6-7 åra har nabobonden fått beita arealet, men det har vorte presisert at vilkåret er at ei eventuell skjøtselplan skal følgjast. Eg har hatt ansvaret kanskje dei siste 15 år.*

2. Har skjøtselen vore om lag lik kvart år, eller har det vore avvik einiskilde år? Ved eventuelle avvik, er det egne erfaringar som har medført avviket, eller det meir tilfeldig avvik?

*Svar: Hovudsakleg har skjøtselen vore lik. Dei åra eg ikkje har slått graset har det vore på grunn av teknisk svikt og mangel på utstyr. I 2018 fekk bonden disponere heile arealet pga tørke og førmangel. I 2019 vart det vårbeita alt for lenge, noko i samband med familieføruking og prioritering av tid og ressursar.*

3. Har forstått det slik at det har vore beiting med sau som har vore den viktigaste skjøtselsmåten no? Har likevel deler av lokaliteten vore slått år om anna? Kan du i tilfelle seia noko tidspunktet for denne slåtten.

*Svar: Syner til svara ovanfor. Rambjøra og Geilen er sørvend, så det vårast tidleg. Historisk sett har det vore slått rundt St. Hans, (pers. med. pappa). Vi har nok forflytta slåttetidspunktet litt, til midten av juli slik omtrent.*

4. Vårbeite? Ja (type beitedyr) /Nei

*Svar: Ja, sau. Har etterspurt kalvar/ungdyr av storfe, men ikkje fått «napp» enno.*

5. Haustbeite? Ja (type beitedyr) /Nei

*Svar: Ja, sau.*

6. Ryddetiltak? Ja/Nei

*Svar: Ja, rydda*

*kantsone*

*År: 2009*

*Omfang: Nergeilen, vestleg del av lokaliteten.*

7. Eventuelle andre tiltak som er gjennomført som ikkje er nemnd her?

*Svar: Heile lokaliteten er «omringa» av storfrytyle, og dei siste 10 åra har denne fått etablert seg og spreidd seg innover slåttemarka. Ukjent om dette er ein konsekvens av skjøtsel, eller om det er ei naturleg utvikling eller klimatiske tilhøve. Slik den veks med stor tettleik så gir det*

*lite rom for andre vekstar. Etter litt studie og innhenting av faglege råd, så prøvde eg med oppkok av metta saltlake. Dette vart sprøyta direkte på kvar einskild plante i rotsystemet, tenkte dette var mest skånsamt for jordsmonnet da lokaliteten allereie er påverka av sjøsprøyt i lufta. Og ettersom det vart ein skikkeleg tørkesommar så hadde dette ein kjempeeffekt, og eg har difor fått fjerna det aller meste av storfrytla, og graset har i all hovudsak allereie reetablert seg i 2019.*

8. Landskapsøkologisk plassering av lokalitet (førekomst av «stepping stones»): Førekjem det andre semi-naturlege areal eller viktige kulturlandskapselement (eks naturbeitemarker, styvingstrær/store game trær, steingjerde) i nærleiken til slåttemarkslokaliteten? Konkretiser.

Svar: Det eksisterer eit steingjerde på ca. 20 meter i vestleg del av lokaliteten (Nergeilen). Også er det ca. 20 meter med steingjerde heilt aust på lokaliteten (Øvergeilen) i høve husmannsplassen og låvetuftene der. Trappa og hustuftene går heilt inn på slåttemarka. Det er ein del eldre ospetre rundt Geilen, og mykje hassel. Kjenner ikkje til at noko har vore styva her, men ei selje ved hustuftene ser ut til å ha vore styva for mange år sidan.

9. Er eventuelle raudlistearter/tyngdepunktarter for semi-naturlig eng til stades og har førekomstane eventuelt auka eller minka?

Svar: *Dei siste par åra har det kome fram ein del nattfiolar og nokre eksemplar av marihand (ukjent for meg kva for art). Viser til oversendt fotodokumentasjon.* (Bilettdokumentasjonen viser skogmarihand i tillegg til grov nattfiol og brudespore. Merknad; FGO)

10. Er det funne nye raudlistearter/tyngdepunktarter på lokaliteten?

Svar: *Viser til førre svar. Bør ha ei ny kartlegging eit år utan vårbeite og sauer som bryt seg gjennom gjerdet.....*

11. Verkar noverande skjøtsel å vera tilfredsstillande for å oppnå måla i skjøtelsplanen? (ja/nei med ei kort grunngjeving, til dømes skildre eventuelle endringar i artssamansetting, teikn på at skjøtselen synest å vera riktig, er for svak eller for sterk, finst det viktige påverknadsfaktorar ein ikkje har tatt omsyn til tidlegare, i tilfelle – kva for nokre?).

Svar: *Har dei siste åra sett igjen dei mest artsrike delane av kantsonene, både med tanke på insekt og pollinatorar, men også for å slå dei områda seinare og rake tørrhøyet utover slåttemarka. Verker som dette har fungert, da dei mest artsrike områda ser ut til å blir større i omfang gradvis år for år. Er i tvil om vårbeiting er det rette skjøtselstiltaket, må i alle fall vera tidlegare på våren og over kortare tidsrom enn slik det har vore til no.*

12. Utstyr: Kva slags utstyr er nytta til dei ulike tiltaka? Kva har fungert bra/dårleg.

Svar: *Til slått har vi brukt ei lita to-hjuls slåmaskin. Manuell raking, og bortkøyring med bruk av Dexta Special med svans. Slåmaskina vi har no er ikkje dimensjonert for så store areal, da eg kjøpte den minste og billigaste tidlegare. Bør gå til innkjøp av ei med større breidde og meir kraft, medan den minste er bra til stell av kantsonene og dei områda med fjell/stein i dagen.*

13. Eventuelle endringsforslag til skjøtelsplanen (f. eks. endring av slåttetidspunkt, sette igjen deler av enga for seinare slått (insektmat), innføring av nye tiltak som rydding, etterbeite, tiltak som reduserer innslag av framande artar/problemartar etc.):

Svar: *Kan jo vurdere tidlegare slått som før i tida, men trur artsmangfaldet tener på litt seinare, t.d. midten av byrjinga/midten av juli. Viser igjen til den tidlegare vurderinga mi av vårbeite. Haustbeite vil bli gjennomført. Trur også eg delvis kjem til å halda fram med å sette igjen kantsoner til insekt og pollinatorar. Midtre del og Øvergeilen må ryddast for kratt og skog i kantsona. Framleis overvaking av reetablering av storfrytla, og hindre vidare utvikling av bregnar. I midtre del er eit større område veldig vått, ueigna både for traktor og tohjuling. Er nok gamle steingrøfter som er gått tett. Bør grøftast og drenerast for å ivareta og skjøtte arealet. Bør også sette opp gjerdet for å lette arbeidet med beiting vår og haust. Kjem til å gjera små forsøk med askespreiing, frå bålbreiing av kvist utanfor lokaliteten, på dei mest utsette områda med mosevekst.*

14. Eventuelle endringsforslag til tidsbruken/ressursbruken sett opp i skjøtelsplanen:

Svar: For å være heilt ærleg, så meiner eg at det ikkje er samsvar mellom faktisk tidsbruk på skjøtsel av slåttemark og det ein får i tilskot for sjølve slåtten. Med areal som er såpass næringsrikt og gjev så stort grasvolum, så er det et enormt arbeid å slå, rake, tørke og frakte bort på disse areala samanlikna med areal som er næringsfattige og som gir lite grasavling. Vi bruker bortimot ei veke på slått av slåttemarka i Rambjøra og Geilen. Kona har gitt tydeleg melding om at det er nærast er skilsmissegrunn, så arbeidet må effektiviserast med større og betre utstyr.

15. Motivasjon og framtidsutsikter:

Trur du at eit eventuelt tilskot har noko å seia for gjennomføringa av tiltaket eller ikkje? På kva måte?

Svar: *Tilskot for investering av utstyr og gjerde er alfa og omega, viss ikkje hadde skjøtselen vorte meir sporadisk, tilfeldig og på eit minimumsnivå. Men tilskot til sjølve arbeidet, med dei mange timane vi bruker gjennom året, så er tilskotet meir ein symbolsk sum, i alle fall etter det vart skattepliktig. Vi som har så næringsrik jord med stor grasavling, bør få høgare arealtilskot enn takstane er no - jamfør omfang av arbeid som vi utfører.*

Betyr vegleiinga gjennom oppfølginga av handlingsplan for slåttemark noko for skjøttaren si gjennomføring av slåttearbeidet? Er det noko skjøttaren ønskjer meire/mindre av?

Svar: *Eg er jo brennande interessert i slåttemarksarbeidet, både slåttemark som utvald naturtype og bevaring av artsmangfald både av planter, sopp og insekt. Er utdanna naturforvaltar frå Ås, så her får eg nytta utdanninga på fritida. Eg gjer det også i respekt for forfedrane mine, som levde i ei anna tid der dette arealet var ein vesentleg del av livsgrunnlaget. Er sjølv sagt ein styrke og tryggleik i å ha ein jamnleg dialog med fagpersonar.*

Kva trur du vil verta dei mest krevjande og utfordrande delane med skjøtselen? (Eks få fjerna graset, dårleg utstyr, vertilhøve, for lite folk..osv).

Svar: *Har jo så vidt nemnt det, men mykje gras og dårleg utstyr er hovudutfordringa, samt at eg bortimot gjer dette aleine, sporadisk er vi to saman, men med familieliv må ting effektiviserast og tidsbruken prioriterast.*

Er det behov for å finna nye løysingar for å sikre skjøtelsarbeidet på sikt? (Ja/Nei og eventuelt ei kort grunngjeving).

Svar: *Tilskotsdelen må harmonisere betre mellom tilskot og faktisk arbeid utført for å rettferdiggjere tids- og ressursbruken. Vi må få noko igjen i tillegg til eit klapp på skuldra og skattekrav...*

Kor truleg er det at same skjøttar også vil skjømte lokaliteten dei neste 5 år?

Svar: *Heilt sikkert. Håper på 30-35 år til om helsa held og inga uventa hending inntreff. Det igjen bør bidra til at arbeidet med slåttemarkene våre vert prioritert av styresmaktene.*

Andre kommentarar:

Svar: *Trur eg har fått fram meininga mi. Er veldig glad for at slåttemark er utvald naturtype og at vi får økonomisk støtte for å ivareta desse.*



## 8 Vedlegg 4 Tiltakslogg, grunneigar sine notat

Her er det plass for grunneigar å føre inn sine egne notat som gjeld gjennomføring av tiltaka. Ved å ha slike notat samla, vil det være lettare å samanstillare erfaringane når planen skal reviderast.

AREAL/DELOMRÅDE:	TYPE TILTAK (EKS SLÅTT, RYDDING, BEITING)	PERIODE	ANTALL DAGSVERK/TIMER	ÅR
		[mnd./ dato/uke]		

AREAL/DELOMRÅDE:	TYPE TILTAK (EKS SLÅTT, RYDDING, BEITING)	PERIODE	ANTALL DAGSVERK/TIMER	ÅR
		[mnd./dato/uke]		

AREAL/DELOMRÅDE:	TYPE TILTAK (EKS SLÅTT, RYDDING, BEITING)	PERIODE	ANTALL DAGSVERK/TIMER	ÅR
		[mnd./ dato/uke]		

## 9 Vedlegg 5 Overvaking, logg

[I einiskilde tilfelle kan til dømes grunneigar/brukar ha interesse av/artskunnskap nok til å telle opp einskildindivid av særskilte planter innan eit avgrensa fast, område på nokre få m<sup>2</sup> kvar sesong. Dette kan vera verdfull artsinfo å legge til rette for. Å fyller ut ein slik tabell kan da vera eit (overvakings)tiltak som vert nemnd under 2.9.3:]

POSISJON/FELT:	ART	DATO	ANTALL INDIVID	ÅR


